



DEN NORSKE KYRKJA

Bjørgvin bispedømeråd

Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk kirkeråd
Postboks 799 Sentrum

0106 OSLO

Dato: 25.03.2021

Vår ref: 21/00402-4 JZM

Dykkar ref:

Endring i kyrkjeordninga som følgje av ny kyrkjebyggforskrift - høyringsvar frå Bjørgvin bispedømeråd

Vi viser til dykkar brev dagsett 28. januar med høyring om endringar i kyrkjeordninga som følgje av ny kyrkjebyggforskrift.

Bjørgvin bispedømeråd takkar for høvet til å uttala seg i denne høyringa og har følgjande merknadar:

1. I saker om avhending og nedlegging av kyrkjer, bør organ for godkjenning vera biskopen
2. I saker om avhending og nedlegging av kyrkjer, bør klageorgan vera Kyrkjerådet
3. Bjørgvin bispedømeråd foreslår at formuleringa i kyrkjeordninga «ombygging og utvidelse» blir erstatta av formuleringa i kyrkjebyggforskrifta «tiltak ut over vanlig vedlikehold».
4. Bjørgvin bispedømeråd støttar det foreslåtte tillegget i Regler om liturgisk inventar og utstyr § 26.

I tillegg tek vi med ein del av saksutgreiinga til denne saka i Bjørgvin bispedømeråd med ein uttale som bispedømerådet stiller seg bak.

Uteområde ved kyrkje

Små bygge- og endringstiltak som ikkje er søknadspliktige etter plan- og bygningslova kan ha store konsekvensar for korleis det ser ut rundt ei kyrkje. Det gjeld lykestoplar, varmpumpehus, mindre servicebygg, minnesmerke m.m. Dersom det er på ein gravplass, skal Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark godkjenna eller uttala seg. Der det ikkje er gravplass, men berre «kyrkjebakke» er det ingen krav til godkjenning. I høyringa blir dette foreslått bøta på med følgjande formulering:

På uteområdet ved en listeført kirke som ikke har en tilknyttet gravplass, skal tiltak som ikke er søknadspliktige etter plan- og bygningsloven og som vil kunne ha en negativ innvirkning på kulturhistoriske verdier, ikke finne sted uten biskopens godkjenning. Før biskopen treffer sin avgjørelse, skal saken forelegges rette kulturmiljømyndighet for uttalelse.

Vurdering

Kyrkjebakken er på kyrkja sin grunn, og i motsetnad til område like utanfor kyrkjemuren, der kyrkja no ikkje har meir mynde enn andre i kommunen si saksbehandling, bør kyrkja ha ei ryddig godkjenningsordning internt.

Regelforslaget frå Kyrkjerådet bør også gjelda uteområdet til kyrkjer som ikkje er listeført og difor starta slik: **«På uteområdet ved en kirke som ikke har en tilknyttet gravplass...»**
I høyringsbrevet frå Kyrkjerådet ser ein ikkje ut til å vera usamd i sak, men der argumenterer ein for at dette i staden for å vera ein del av sjølve kyrkjeordninga, blir ein del av eit rundskriv frå Kyrkjerådet.

Vi vil argumentera for at det kjem inn i kyrkjeordninga fordi regelverket på dette området no består av så mange ulike dokument (kyrkjeordning, kyrkjebyggforskrift og kyrkjebyggrundskriv) at ein bør unngå å ta i bruk rundskriv frå kyrkjerådet i tillegg.

Med helsing

Jan Ove Fjelltveit
stiftsdirektør

Jens Zeuthen Meyer
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk
kirkeråd

Postboks 799
Sentrum

0106 OSLO